



Møtebok for

Ekstraordinær generalforsamlinga i Sparebanken Sogn og Fjordane

Møtestad: Teams
Møtedato: 3.oktober 2024

Sak 1-2 Registrering og val av person til å signere møteboka

Leiar i generalforsamlinga, Jakob Andre Sandal, opna møtet.

Desse møtte: Ranveig Årskog, Irene Bjørndal, Jakob Andre Sandal, Rune Vosseteig, Harald Slettvoll, Ragnhild Helgheim, Marie Heieren, Roger Svarstad, Marit Lofnes Mellingen, Falk Tewes, Arne Sæterbakken, Randi Engen, Jon Rune Heimlid, Katrine Myklebust, Ingunn Sognnes, Helge Holm Marøy, Monika Refvik.

Desse medlemmane hadde meldt forfall og møtte ikkje: Brigt Samdal, Torill Rysjedal Bygnes, Margunn Selvik Grytten, Kjartan Habbestad, Anita Nordheim 1. vara Anne Kristin Aarskog.

Desse varamedlem møtte: Dagrun Kyrkjebø, Arne Håkon Laberg.

Desse medlem møtte ikkje: Ole Henrik Mølmann, Christine Nikøy Rogne, Tore Thorsnes, 2. vara Geir Ståle Støfring.

Dessutan møtte:

Frå styret: Lise Mari Haugen

Frå administrasjonen: Trond Teigene, Frode Vasseth, Reiel Haugland og Johanne Viken Sandnes

Administrator: Lillian Loen

Val av person til å signere møtebok: Falk Tewes

Sak 3 Godkjenning av innkalling

Skriftleg innkalling er sendt til alle medlemmer og varamedlemmer av generalforsamling 19.09.24. Innkalling er med det sendt minimum 14 dagar før møtet i generalforsamlinga skal finne stad, jf. finansføretakslova § 8-3 (1) og allmennaksjelova §§ 5-10 og 5-11 b.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes innkallinga

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 4 Godkjenning av saklista

Innkalling med sakliste og saksdokument er gjort tilgjengeleg på banken sine heimesider www.ssf.no den 19.09.24, i samsvar med finansføretakslova § 8-3 (1), allmennaksjelova §5-11 a og vedtektene § 3-7. Innkalling og saksdokument er også gjort offentleg gjennom Oslo Børs si meldingsteneste www.newsweb.no den 19.09.24.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga godkjenner samrøystes saklista

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 5 Orientering frå administrerende direktør

Administrerende direktør Trond Teigene, Kommunikasjonsdirektør Johanne Viken Sandnes og Prosjektleder Reiel Haugland orienterte om stoda i banken – drift, strategi og om prosessen med å bli medeigar i SpareBank 1- alliansen.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga tek orienteringa til vitande

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 6 Namneendring og oppdatering av vedtekter

Som ein del av prosessen for å bli bli ein SpareBank 1-bank, må banken også gjere ei namneendring. Banken sitt namn går fram av vedtektene og slik sett er det generalforsamlinga som vedtar namneendring. Når vi først oppdaterer vedtektene har vi også lagt inn nokre andre redaksjonelle endringar i vedtektene. Det er hovudsakleg mindre endringar av skrivefeil, samt ei presisering knytt til funksjonstid for styremedlem og styreleiar. Presiseringa er for å unngå tvil og er i tråd med lovkommentar som regelen bygger på og slik regelen har vore praktisert i banken. Oppdaterte endringsmarkerte vedtekter ligg som vedlegg 1 til denne innkallinga.

Framlegg til vedtak

Generalforsamlinga i Sparebanken Sogn og Fjordane vedtar namneendring til SpareBank 1 Sogn og Fjordane, samt vedtar oppdatering av vedtektene til banken slik dei ligg vedlagt til innkallinga.

Framlegg vart samrøystes vedteke

Sak 7 Fullmakt til tilleggsutbytte

Sparebanken Sogn og Fjordane har hatt god lønnsemd og utvikling dei siste åra og med det gradvis auka utbyttekapasitet. Nytt kapitaldekningsregelverk er venta å gi Sparebanken Sogn og Fjordane eit ytterlegare løft i kapitaldekning i løpet av 2025. Dette gir banken rom for å vurdere eit tilleggsutbytte for rekneskapsåret 2023.

Generalforsamlinga vedtok årsrekneskapsen for 2023 og ei resultatdisponering som inkluderte eit utbytte på kr 25 pr EK-bevis i ordinær generalforsamling 22. mars 2024. Dette tilsvara om lag 70 % utdeling av eige kapitalbevisegarane sin del av disponibelt resultat. Banken har kapasitet til å betale ut ytterlegare utbytte innanfor det same resultatet i år, og styret i banken ønskjer med dette å be om fullmakt til å vurdere og eventuelt vedta slikt tilleggsutbytte i løpet av 4. kvartal.

Framlegg til vedtak


Generalforsamlinga gir styret i Sparebanken Sogn og Fjordane ei fullmakt til å gjennomføre eit tilleggsutbytte på inntil kr 10 pr ek-bevis for rekneskapsåret 2023. Det er ein føresetnad for bruk av fullmakta at styret vurderer at banken har tilfredsstillande utsikter for lønnsemd og soliditet og vurderer at utbyttet ikkje vil komme i konflikt med styret sitt mål for soliditet. Eventuelt vedtak om tilleggsutbytte og utbetaling skal skje før 31.12.2024

Framlegg vart samrøystes vedteke

Møtet slutt.

Jakob A. Sandal

Jakob Andre Sandal
Leiar i generalforsamlinga


Falk Tewes